



kommunane v/opplæring i norsk og
samfunnskunnskap

Saksbehandlar, innvalstelefon

John Ole Vange, 5764 3110

Omlegging av tilbod om etterutdanning til lærarar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Dei seinare åra har Kompetanse Norge tilbode etterutdanning gjennom ein kurskatalog der ein kunne tinge kurs / kurshaldar til avtalt tid og stad.

Mange kommunar har alt satt opp tidspunkt for kursdagar i 2019, og ventar på kurskatalog for å fastsetje tema for desse.

I møte med Fylkesmennene i januar informerte Kompetanse Norge at dei ikkje kjem til å tilby etterutdanning gjennom kurskatalog dette året. Det er under planlegging ei omlegging av etterutdanningstilbodet. Dei informerte at forma som vert valt for den nye ordninga er etter same lest som desentral kompetanseutvikling for skule – eit samarbeid mellom aktuell eining og ein høgskule / universitet. Vi har ikkje motteke meir detaljert informasjon om dette.

Fylkesmannen vert informert nærare når vi får vårt oppdragsbrev frå Kompetanse Norge i mars.

Vi kjem med meir informasjon om den nye ordninga så snart vi kan.

Med helsing

Anne Hjermand (e.f.)
utdanning- og verjemålsdirektør

John Ole Vange
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent